

# Heime misjonen

nr. 3 - 2015 - 97. årgang

Organ for Sunnmøre Indremisjon

## Radio Sentrum blir Radio Sunnmøre



Nytt navn og ny logo.

**Frå og med 1. mai endrar  
Radio Sentrum namn til  
Radio Sunnmøre. I tillegg  
kjem radioen med ny og flott  
heimeside.**

Tekst: Radio Sentrum  
Foto: Ragnhild Kristine Vartdal Espelund

I år feirar Radio Sentrum sine tredve år, og i den anledning kjem det nokre nye ansiktslyft for radioen. Det er ikkje det at ein treng det i så ung alder, men anledninga byr seg på mange måtar i eit jubileumsår.

- Det er mange grunngjivingar for å endre namn og for at det nye namnet kan passe betre for radioen i dag. Radioen sine sendingar når i dag over heile Sunnmøre og lenger enn det med dagens teknologi. Radioen er eigd av Sunnmøre Indremisjon, og er heller ikkje lenger fysisk plassert i sentrum av Ålesund, fortel dagleg

leiar Ragnhild Kristine Vartdal Espelund.

- Med Radio Sunnmøre får ein eit namn som skapar ei nærrare tilhøyreheit til Sunnmøre Indremisjon, det er ein radio som dekker heile Sunnmøre, og i tillegg vert det ein radio med eit namn som kan skape nysgjerrigkeit blant fleire lyttarar som ikkje ville kome på å lytte til Radio Sentrum, legg Vartdal Espelund til.

### NÅ NYE

Ei av satsinga til radioen i år er å etablere nye og friske plattformer for å nå nye lyttarar. Ei fornying av logo, namn og sendeflate vil gjere ei god endring.

- Ein endrar aldri det indre ved å endre det ytre, fortel Vartdal Espelund.

- Dette gjeld også radioen. Vi kjem ikkje til å endre på innhaldet i sendingane, men det ytre vil få ein ny og friskare utsjånad. Radioen

vil få namnet Radio Sunnmøre og vil få ny logo. Ein vil kunne høre i sendingane at radioen har fått nytt namn, legg Vartdal Espelund til.  
- Ein vil nok også kunne høre eit litt tydelegare skilje mellom ulike sendetimar, men det er berre til det positive for lyttaren, seier Vartdal Espelund.

### NY NETTSIDE

Fra og med 1. mai lanserer Radio Sunnmøre si nye nettside. Den nye daglege leiaren set fokus i å vere på internett, der folk mykje er i dag.

- Det er viktig å vere på nett, tydelege og synlege. Derfor har vi jobba den siste månaden med å få laga ei ny nettside, ei enkel, synleg og flott nettside for radioen, fortel Vartdal Espelund.

- Hovudformålet med sida er å få ut informasjon om korleis ein kan lytte til vår radio via både FM, TuneIn og web. I tillegg til informasjon om våre program, produksjonar og dei nyaste intervjuia, legg Vartdal Espelund til.

- Vi håpar at lyttarane våre legg merke til endringane til det positive, og at vi også med dette kan nå nye lyttarar samtidig som vi held på dei gamle, avsluttar Vartdal Espelund.

**HVOR GÅR DU?**  
**- NATT TIL 1.mai -**  
**30.april kl 21.00 på Blindheim Bedehus**

Andakt v/ Torgeir Nygård  
Sang ved: Response, Petrus, Ålesund Soul Teens, Maria Engås, Praise Breakers m.fl.



Mer info på [www.ungmisjon.no](http://www.ungmisjon.no)



**Johan Halsne**  
Krisleiar Sunnmøre  
Indremisjon

## Brennende eller utbrent?

Vi er kjent med begge deler. Av og til brenner lysene, andre ganger er de nedbrent. Vi er i tida mellom påske og Kristi himmelfartsdag. I løpet av disse dagene møtte Jesus mange av sine nærmeste etterfølgere og disipler. To av de Han gikk et veistykke sammen med kjenner vi som Emmausvandrerne. De gikk der på veien og samtalte som to utbrente lys. De var skuffet og nedtrykte. Det som de hadde satt hele sin og håp til var borte. Mens de går slik og samtaler kommer en mann de ikke kjenner og snakker med de. Og i løpet av kort tid er de som var utbrent i fyr og flamme!

I vårt felleskap med Jesus og i vår tjeneste føler vi av og til på at vi er nedbrent. Vi kjenner at ting har blitt rutine. Frimodighet, forventning, overskudd og glede er ikke lenger en drivkraft. Plutselig ser en

*«Brant ikke våre hjerter i oss når Han samtalte med oss på veien og åpnet skriftene for oss?» Og de gjorde helt om og skyndte seg tilbake til Jerusalem.»*

mange flere begrensninger enn muligheter. Går det an å komme på pluss-siden igjen? Det som en gang fikk hjerter til å brenne hos de to på vei til Emmaus, er det samme som setter vårt hjerte i fyr og flamme i dag! Å gå hverdagen sammen med Jesus i ordet hans kan sette fyr i deg igjen. Det vil merkes for din omgangskrets! Den tid du bruker sammen med Jesus gjør deg brennende i møte med dine medmennesker!

Skulle vi gjøre Aage Samuelsen sin sangstrofe til vår bønn denne vår? «La ilden alltid i mitt hjerte brenne, fyll du meg mera med din kjærlighet. Så jeg igjen kan andre sjeler tenne i brann for deg som skjenger liv og fred.»

## Leier leir med heile familien



**Helene Haugland (23) fann både mannen og si beste venninne på leir. – Eg har alltid gledd meg til å vere på leir, fortel ho.**

Tekst og foto: Halldis Bjervik Volle

Dette halvåret takka Helene og mannen Daniel ja til å leie fleire leirar, og dei har tatt med seg

sonen Jonathan på to år.

– Vi ville finne på noko kjekt som familie og på leir er det gjerne populært med ein liten gut som spring rundt, seier Helene, som er sjukepleiar i full stilling.

På trass av at det tok tre timer å legge Jonathan eine kvelden, sidan reisesenga og vogna låg innelåst i skiboksa som ikkje let seg opne med makt, er ho glad for at dei har velt å tilbringe fleire helgar på leir.

– Ein kjenner på at ein får bidra til at born og unge blir betre kjende med Jesus. Leir er ein god arena for å høre meir om Jesus, det er god stemming og ein har det kjekt ilag. Etter leiren der både reiseseng og vogn mangla, og dei ikkje kom seg heim før seinst på kvelden, var det fantastisk å møte eit strokent hus.

– Mor mi hadde vore der og rydda og vaska på morsdagen!

I oppveksten var Helene ofte på leir. Først var det familiekor fire gongar i året på Kjeldsund. Seinare tok ho ferga frå Hundeidvika til Festøya, og venta i 40 minutt før Timeekspresen til Rjånes dukka opp. Å vere på leir gjorde at trua vart sterkare, og det var godt å sjå at ein ikkje var alene som kristen, fortel ho.

På ein påskeleir for åtte år sidan møtte ho Daniel første gong, og saman vil dei fortsette med å vere på leir som leiarar.

– Det går an å ta med familien sin, og å gjøre det til ein familietur, då vert det ikkje slik at mamma eller pappa stikk av for å vere på leir i helga. Det er kjekt, og ein veks på erfaringa og vert tryggare både som leiar og som ein kristen.

Hvis du kan tenke deg å vere leiar på leir er det berre å ta kontakt med Eirin Algrøy Nybø på e-post: e.nybo@imf.no eller telefon: 70178677

## ORGAN FOR SUNNMØRE INDREMISJON

**Heimemisjoen**  
Redaktør: Johan Halsne  
Postboks 7836 Spjelkavik,  
6022 Ålesund  
Tlf. 70 17 86 70  
Fax. 70 17 86 69  
Bankgiro: 3000.15.31235  
E-post: sunnmore@imf.no  
Internett: www.imf.no/sunnmore  
Ung Misjon: www.ungmisjon.no

**Brudsalsheimen**  
Telefon: 70 27 45 53  
Bankgiro: 3900.31.17255  
**Orreneset Misjonssenter**  
Telefon: 70 25 07 56  
Bankgiro: 4045.07.07211  
**Daggry barnehage**  
Telefon: 70 18 24 97  
Bankgiro: 3000.21.36682  
**Borgund Folkehøgskule**  
Telefon: 70 17 76 00  
Bankgiro: 8220.02.20788

**Møre Ungdomsskule**  
Telefon: 70 17 66 70  
Bankgiro: 8220.02.80287  
**Møre barne - og ungdomsskule Skodje**  
Telefon: 40 29 36 41  
Bankgiro: 3000.32.36796  
**Møre barne - og ungdomsskule Herøy**  
Telefon: 70 08 05 50  
Bankgiro: 3000.18.45655

**Begravelsesbyrået Sunnmøre A/S**  
Telefon: 70 17 86 60  
Vakttelefon: 90 86 38 56  
**Si-Reiser AS**  
Telefon: 70 17 90 00  
www.si-reiser.no  
**Radio Sentrum**  
Telefon: 70 15 41 00  
Bankgiro: 3900.21.10311  
www.radiosentrum.no

## Synnøve Aanensen til årsmøtet

**Årsmøtehelg**  
**SUNNMØRE INDREMISJON**  
**6. - 7. juni**  
**Borgund Folkehøgskole**

**Synnøve Aanensen**  
m/band

**Talar: Johan Halsne**

Eige opplegg for borna  
v/lmf UNG Sunnmøre

I forbindelse med årsmøtet vårt 6.-7. juni er vi dette året så heldige å få med oss Synnøve Aanensen som sanger. Hun vil opptre sammen med sine dyktige musikere.

Synnøve er født og oppvokst i Åkrehamn på Karmøy. Allerede i tidlige år var Synnøve å finne som sanger rundt i forsamlingshus på Karmøy. Etter hvert som hun vokste opp kom spørsmål om sang fra et større geografisk område. I dag er hun en sanger som har hatt flere sangoppdrag flere ganger i USA og mange ganger i vårt naboland Sverige. Hun er også ofte å se på kristne tv-kanaler. Når Synnøve skal presentere seg selv som sanger sier hun: «For meg har musikken blitt en livsstil, musikken har blitt en naturlig del av livet, eller kanskje er det slik at livet har blitt en naturlig del av musikken.» Musikk er mer enn konkurranser og leting etter gull. Det handler om å gi utrykk for noe, det å formidle noe og det å være personlig. Jeg ønsker at musikken min skal ha et budskap og jeg ønsker at den skal være personlig! Den som lytter til Synnøve sine cd-innspillinger vil merke at dette både er personlig og har et klart

budskap! Stilen er Country Gospel.

Til daglig er Synnøve leder av SFO på Aakra barneskole, gift med Einar og sammen har de fire gutter. Men så å si hver helg er Synnøve å finne som sanger en eller annen plass i vårt land eller i vårt naboland i vest.

Vi glieder oss til å få lytte til Synnøve sin sang gjennom årsmøtehelga!

